



**MØTEBOK**  
**Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd**  
**Stad: Kommunehuset i Eidfjord**  
**Den 13.3.2014**  
**Kl. 0900 1400**

**Til stades:**

Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik, Nestleiar i HU
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Vettle Nordstrand
Odda kommune:	Ungdomsrådsnestleiar Sigrid Valle
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Nils Michauk,
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Aleksander Kalsaas
Ikkje til stades:	
Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Otto Galtung, Leiar i HU
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsrepresentant Adelen Sverdrup Aarsand
Hardangerrådet:	Konsulent Trude Lægreid Rinaldo
Kommune kontaktar	
Eidfjord kommune:	Bergljot Marie Veivåg

**Inspirasjon:**

**Toralv Mikkelsen, Styreleiar i Hardangerrådet:**  
**«Om det å vera leiar i samfunn og i politisk arbeid»**

**Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.**

**Til sakshandsaming i ungdomsrådet:**

**HU-Sak 01/14 Informasjon/Status frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd og representant.**

**Kvam:** Endeleg hatt eit møte, og funne eit veldig godt system. Skal snart ha møte igjen.

**Granvin:** Har hatt eit møte, og besøkt heradstyre ein gong for å informera om kva ungdommane ønskjer. Ingen nye saker

**Eidfjord:** Har hatt eit møte der vedtektene vart diskutert. Dei skal takast opp neste gong, for det er ting dei vil drøfta meir. I dag har dei 6 representantar, eit ikkje eigna tal, derfor vil dei kanskje endra dette til 7. ( Det er ulik praksis i råda i Hardanger på antal representantar.) Det vart orientert om er Hardinginget. Ungdomsrådet arbeider med LAN i Eidfjord. Klubben i Eidfjord er open kvar onsdag og annankvar fredag.

**Odda:** Har hatt to møter og fått inn mange saker. Vil støtta konsert og vert såleis litt arrangør. Arbeider med å starta opp ein ungdomsradio.

**Ulvik:** Hadde møte i januar der utviding av næringsparken med utvida området for ungdomsklubben vart drøfta. Arbeider også med å setja sammen eit eige klubbstyre, utifrå ungdomsrådet. Klubben har ikkje faste åpningstider.

#### **HU-Sak 02/14 Val av ny leiar i HU**

**Vedtak:** Nils Michauk, Ulvik ungdomsråd vart einstemmig valgt til leiar av Hardanger Ungdomsråd. Magnus Torvik, Kvam Ungdomsråd fortset som nestleiar.

#### **HU-Sak 03/14 Kommunestruktur oppsummering frå Hardingtinget.**

##### **Vedtak:**

Heile rådet er einige om å senda ut nokre felles spørsmål for debatt i eigne råd om kommunestruktur.

##### **Spørsmål til debatt som me gjerne vil senda ut no er :**

1. Korleis ønskjer de om at ungdomskulen skal vera?
2. Haldningsendringar er eit aukande problem? F. eks det at det er svært langt til politi/ Politi ikkje til stades. Korleis kan ein få bukt med dette?

*Eit interessant dilemma som kom fram: Ungdommar i ein kommune på 1000 innbyggjarar vil ikkje slå seg saman med andre kommunar, men dei ønskjer ein større ungdomskule. Kva då?*

#### **HU-Sak 04/14 Orienterings- og drøftingssaker**

##### **Demokratifilmen på nett**

Filmen ligg no på Youtube, og kan sjåast av alle.

HU har konkrete førespurnader frå andre råd i og utanfor region år. Dei ønskjer å høyra om og læra av arbeidet vårt. I dette arbeidet vil dei ta demokratifilmen med, det er ein god ide. HU vil me presentera for Aktiv Ungdom og dela erfaring, for å fremja ungdomsrådsarbeid

IDÉ: Kunne me starta eit nytt «Mysteriekommuneprosjekt» der me tar opp temaet kommunestruktur og at ein «byter» heimkommune.

##### **Status arbeidet med vedtekter i dei ulike**

Alle råda arbeider med sine vedtekter, og ser at dei har ulike behov. F. eks så er formuleringa bør ha eller ønskjer medlemmer over 16 år ulik.

##### **Hardangerkonferansen 2014 : ungdom på dagsorden**

Svært positive og vil vera med i dette arbeidet, men ikkje mykje tid brukt på den i dag.

Inspirasjon v/ Toralv Mikkelsen. Sjå vedlegg

HFK informerte om Hordaland Klimaplan til rådet. HU vart oppfordra om å gje tilbakemelding.

Møteboka 13.3.2014 i Hardanger Ungdomsråd er godkjent og signert av:

Ungdomsrådsleiar .....

Ungdomsrådsleiar .....

**Inspirasjon:  
Toralf Mikkelsen, Styreleiar i Hardangerrådet:  
«Om det å vera leiar i samfunn og i politisk arbeid»**

Val av ny leiar sette tema om deltaking og leiarrolla på dagsorden.

Her er nokre refleksjonar frå dagen før møtet med Toralf.

- «Utfordring å få til rekruttering for mange tørr ikkje sei noko til politikarane, for dei er usikre for at det kan slå tilbake»
- «Mange tenker at det er kjedeleg å vera med i ungdomsrådet, men så er det spennande og interessant når ein vert vald» Korleis kan dette verta formidla?

-----  
***Kvifor er det akkurat du som sit som leiar for ditt råd og derfor i Hardanger ungdomsråd?***

Det er vanskeleg å få nokon til å ta leiarvervet.

Unge er litt redd for vaksne politikarar, og vil ikkje snakka når dei høyrer. Møta der dei vaksne ikkje er tilstades fungerer betre og er positivt.

Ungdom er veldig engasjert, men tenker at det er kjedeleg å måtta sitte i møte heile dagen.

***Kva kan vi gjera med dette. Korleis kan ein endra på desse barrierane?***

Toralv kjenner seg veldig igjen, og seier det tok lang tid før han var på talarstolen. Då han var uerfaren nytta han pausar og anna tid til å sei kva han meinte.

Folkevalde får opplæring gjennom eige program. **Kunne me ha opplæring for dei unge?**

I dag sit Toralf i opplæring og helseutvalget på Fylkestinget.

***Kva kan skulepolitikarar vera med på og gje av inspirasjon og drahjelp til unge?***

Kva om politikarane reiste rundt å informerte og tok med seg informasjon tilbake til fylkestinget om kva som skjer i regionen.

Viktig for ungdom er Skulehelseteneste, Utekontaktar og tilbod retta mot ungdom. Dette må ikkje vaksne politikarar ta vekk eller redusera. Ungdomsråda må senda uttale til formannskapa sine.

Tema Toralf tek opp til eksempel er:

- Folkehelsa er eit viktig tema og meir kroppsøving i skulen
- Garderobe og dusj forholda korleis er dei? Er dette ein terskel for deltaking.
- Hardingting for ungdom. « Rådet vil gjennomføra dette til hausten» (rekruttering, informasjonsflyt, bli kjent, kommunestruktur)
- Tema på rådsmøta. Me er alle kraftkommunar, kan det vera eit tema. Svært viktig ressurs og mange arbeidsplassar i regionen vår. Bør bruka deler av dagen til å bli kjent med vertskommunen.